

## Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anne Kristin Rafoss	FE-010, TI-&15	21/198

<b>Saknr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
003/2021	Valstyret	PS	18.03.2021

### Oppnemning av røystestader ved opningstid ved Stortingsvalet 2021

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

På valdagen 13.september 2021 held Masfjorden kommune valting på følgjande stader:

Hosteland røystekrins      Nordbygda skule

Masfjordnes røystekrins      Kommunehuset

Matre røystekrins      Matre skule

Opningstida for valting vert frå kl 11:00 til kl 18:00

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Den 13. september er det Stortingsval.

##### Fakta

Følgjande vedtak vart gjort i kommunestyret den 30.04.2014 som sak 020/2014:

Røystestader i Masfjorden kommune frå og med kommunestyrevalet i 2015 vert slik:

Hosteland røystekrins

Masfjordnes røystekrins

Matre røystekrins

Opningstid for valtinget har i mange år vore frå 11:00 – 18:00

## **Vurdering**

Bakgrunnen for saka om å redusere røystestader på valdagen frå fem til tre var kravet om at røystestadane skulle vere universelt utforma. Det har ikkje kome fram noko sidan dette vedtaket vart gjort som gjer at det er naudsynt å undersøker tilkomsten ytterlegare.

Valtinga på Nordbygda skule, Matre skule og kommunehuset er – saman med opningstidene – godt innarbeidd og rådmannen rår til at ein gjennomfører årets val på same måte som ein gjorde for 2 år sidan.

### Valgjennomføring i pandemi

Mellombels reglar for valgjennomføring i pandemi set krav til store nok lokaler, god logistikk og ekstra valmedarbeidarar. Det skal og vere handsprit tilgjengeleg når veljaren kjem og når han går. Dei lokala me tradisjonelt bruker valdagen vert vurdert som store nok og med ekstra valmedarbeidar på kvart valting som skal ha fokus på avstand i kø vil det vere trygt å gjennomføre valtinga i Masfjorden kommune.

Veljarar i karantene eller isolasjon på valdagen skal røyste heime.

## **Konklusjon**

Sjå framlegg til vedtak.

## **Valstyret - 003/2021**

### **VS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **VS - vedtak:**

**På valdagen 13.september 2021 held Masfjorden kommune valting på følgjande stader:**

<b>Hosteland røystekrins</b>	<b>Nordbygda skule</b>
<b>Masfjordnes røystekrins</b>	<b>Kommunehuset</b>
<b>Matre røystekrins</b>	<b>Matre skule</b>

**Opningstida for valting vert frå kl 11:00 til kl 18:00**